



Ann Lisbeth Ljosnes Moen frå Uskedalen var vaken og fann ein falsk hundrelapp då ho skulle gjera opp kassa etterat Peder Bakar i Rosendal hadde sundagsope.

Ho oppdaga mellom anna at seddelen mangla sølvstripa i den eine enden i tillegg til ein del av symbola. Setelen vart oversendt til lensmannskontoret.

Papirkvaliteten og papirstrukturen likna svært på ein vanleg setel. Også frå Skien blir det meldt om falske hundrelappar.

Lensmann Jan L Fosse oppmodar i Grenda folk om å vera observante. Slik setelen frå Rosendal er utført kan kven som helst ha gått rundt med han utan å ana at han var falsk.

Foto: Grenda